

Rapport nr. 11/2016

Rapport frå etableringa av «International Centre for Inter-Faith Peace and Harmony (ICIPH)» 19. august 2016: ei historisk hending v/Gina Lende

Mellomkyrkjeleg råd har vore engasjert i eit større samarbeidsprosjekt med nigerianske og internasjonale aktørar som førte til etableringa av eit nasjonalt dokumentasjons- og forsoningscenter i Nigeria. Dette senteret vart opna 19. august i år. Det er fleire mindre og større interreligiøse initiativ i Nigeria, men det er fyrste gong at eit slikt prosjekt vert drevet av to av dei tyngste nasjonale kristne og muslimske organisasjonane i landet. Mange av dei mindre organisasjonane har store forventningar til at dette nye senteret kan gje eit stort løft til muslimsk-kristent samarbeid i landet.

Senteret ligg i storbyen Kaduna, i nordvest-Nigeria, 2-3 timars køyring frå hovudstaden Abuja.

Rådgivar i Mellomkyrkjeleg råd, Gina Lende, har vore engasjert i deler av denne prosessen som støtte til Kyrkjenes verdsråd og deltok på den formelle opninga i august i år.

Bakgrunn:

I 2012 reiste Kirkenes verdensråd (KV) og det jordanske senteret *Jordanian Royal Al-Bayt Institute for Islamic Thought* (RABIIT) på ein felles tur til Nigeria. Den muslimsk-kristne delegasjonen, ledet av KV's generalsekretær Olav Fykse Tveit og H.K.H. prins Ghazi bin Muhammed bin Talal, dro til Nigeria som en respons på en rekke vodelige sammenstøyt som involverte muslimske og kristne grupperinger. Delegasjonen hadde som mål å snakke med involverte parter for å forstå kva som skjer, og kva som er årsakene til dei ulike konfliktene.

Eit konkret resultat frå denne turen var ideen om dette senteret, ICIPH, som vart etablert i august. Sidan 2012 har KV og RABIIT arbeidd saman med to nasjonale paraplyorganisasjonar i Nigeria, *Christian Council of Nigeria* (CCN) og *Jama'atu Nasril Islam* (JNI) for å gjennomføre ein større nasjonal konsultasjon om kva fokus og form eit slikt senter skal ha. Det norske utanriksdepartementet har støtta denne prosessen økonomisk, inkludert støtte for det fyrste året for senteret. Etter fleire diskusjonar landa CCN og JNI på at senteret skulle ligge i Kaduna, ein by med ca. 1,3 millionar innbyggjarar, som sidan 2000-tallet er kjent for mange og valdelige samanstøyt mellom kristne og muslimar.

Dei to nasjonale paraplyorganisasjonane for kristne og muslimar, CCN og JNI, etablerte tidlegare i år eit styre som har arbeidd med å utforme retningslinjer, skaffe lokalar og ikkje minst tilsett folk til å leie senteret. To co-direktørar (ein muslimsk og ein kristen) har blitt tilsett med ulike arbeidsoppgåver. Styret er samansett av like deler kristne og muslimar, 6 menn og 2 kvinner.

Opninga 19. august 2016:

Opninga var ein stor suksess, med mange frammøtte og stor medieinteresse. Guvernøren i Kaduna var den som formelt opna senteret, og med sultanen av Sokoto Muhammadu Sa'ad Abubaker, kardinal John Onaiyekan, KV's generalsekretær Olav Fykse Tveit og ein utsending frå det jordanske RABIIT-senteret som nokon av dei mest prominente gjestane. Nasjonale aviser og nasjonale TV-stasjonar dekka opninga. Dei hadde fokus på dei ulike talane som vart gitt, men også på det unike i dette samarbeidet: det at to større nasjonale organisasjoner – JNI og CCN – har gått saman om eit slikt prosjekt i ei tid då mange frykter auka religiøs vald.

Senteret skal arbeide med fleire tema og med fleire metodar innanfor dokumentasjon av vald og forsoningsarbeid. Eit mogleg større første prosjekt er å arbeide med dokumentasjon av situasjonen for dei mange (1,5 til 3 millionar) interne flyktningane som er fordrivne frå sine land på grunn av Boko Haram-relatert vald. Boko Haram rammer hardt både muslimar og kristne i Nigeria.

To dagar etter opninga vart KV-delegasjonen invitert til gudsteneste i presidentpalasset, kor Fykse Tveit haldt ei lengre helsing. Dette besøket fekk også stor mediemarksemd.